

Hovden: Tysdag 06.03

Kl. 17:30 - Petter Kanin, norsk tale (6 år)

Kl. 19:30 - Norske byggeklosser (12 år)

Hovden: Tysdag 20.03

Kl. 17:30 - Første mann, norsk tale (6 år)

Kl. 19:30 - Tomb raider (-)

Bykle: Onsdag 07.03

Kl. 18:00 - Petter Kanin, norsk tale (6 år)

Kl. 20:00 - Red Sparrow (15 år)

Bykle: Onsdag 21.03

Kl. 18:00 - Første mann, norsk tale (6 år)

Kl. 20:00 - Tomb raider (-)



Fjellgardane barnehage inviterer

Barnehagedagen arrangerast **tysdag 13. mars**. Tema er barnehagens arbeid med kunst, kultur og kreativitet under slagordet: «**La meg skape!**» Fjellgardane barnehage inviterer i denne samanheng til utstilling om berekraftig utvikling i **grendehuset kl. 10.00**. Enkel servering. Utstillinga vil stå framme på grendehuset fram til påskeferien.

Arrangør: Fjellgardane barnehage



Klippen Bykle

Møte med Hans Erik Haldorsen **sundag 11.mars, 15.april og**

27.mai. Alle dagar kl. 16:00

Arrangør: Klippen pinsemenighet

Pensjonisttreff i Bykle kyrkje

Laurdag 14. april 2018, kl.14.00 i kyrkjekjellaren vert det treff for pensjonistar fødd i 1948 og før. Song, quiz og hygge! Mat-servering, kaffi og kaker. Påmelding til kyrkjekontoret på tlf. 977 84 706 innan 28. mars. Sei frå om du treng skyss.

Arr: Diakoniutvalet

Hoslemo bedehus

Påskemøte i Hoslemo bedehus **torsdag 29. og fredag 30.mars kl. 19.30**. Andreas Årikstad talar. Sang av Øystein Meling.

Arr: NLM

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- **Tysdag 13. mars** - fransk mat - tomates farcies

- **Tysdag 17. april**

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,-/born gratis.

Velkomen!

Arr.: Soknediakonen

Kulturmidlar 2018

Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar kan søkje Bykle kommune om kulturmidlar. Retningslinjer og søknadsskjema finn du på kommunen si nettside.

Søknadsfrist 1. april.

Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Bykle kyrkje - Sundag 11.mars kl 10.00

Gudsteneste med sokneprest Tom Martin Berntsen. Årsmøte for Bykle Sokn etter gudstenesten, med festleg kyrkjekaffi og utan val.

Fjellgardane kyrkje - 18.mars kl. 10.30

Påskevandring med sundagskulen og speidarane, bål, grilling og natursti.

Friluftsgudsteneste på Hovden - 25. mars kl. 12.00

Gudsteneste med prost Gunnar Ellingsen.

Fjellgardane kyrkje - 26. mars kl. 16.00-18.00

Ope kyrkje med vaflar og kaffi med prost Gunnar Ellingsen

Fjellgardane kyrkje - 28. mars kl. 16.00-18.00

Ope kyrkje med vaflar og kaffi med prost Gunnar Ellingsen

Fjellgardane kyrkje - Skjærtorsdag 29.mars kl. 10.00

Gudsteneste med prost Gunnar Ellingsen

Bykle kyrkje - Skjærtorsdag 29. mars kl. 19:30

Gudsteneste med sokneprest Tom Martin Berntsen

Fjellgardane kyrkje - Langfredag 30. mars kl. 10.00

Gudsteneste med prost Gunnar Ellingsen

Bykle kyrkje - 1. påskedag 1. april kl. 09.00

Gudsteneste med sokneprest Tom Martin Berntsen

Friluftsgudsteneste på Hovden - 1. påskedag 1. april kl. 12.00

Gudsteneste med prost Gunnar Ellingsen

Fjellgardane kyrkje - 1. påskedag 1. april kl. 19.30

Gudsteneste ved prost Gunnar Ellingsen

Konsertar i Kyrkja

Draugedalen og Mosdøl

Sundag 25. mars (palmesundag) kl. 19.30 i Bykle kyrkje.

«Songen gjennom alle tider» - billettpris: 200 kr.

Arr: Artistane i samarbeid med Kyrkja i Bykle

Jesu lidning og død i ord, tonar og bilete

Fredag 30. mars (langfredag) kl. 20.00 i Bykle kyrkje:

Musikkandakt på Langfredag med lesing av lidingshistoria, musikk, allsong og bilete. Fri entré.

Arr: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Konsert med Tidlø

Laurdag 31.mars (påskeaftan) kl. 19.30 i Fjellgardane kyrkje.

Kjente og folkekjære påskesalmer i ny og moderne drakt.

Billett 200 kr vaksne, 100 kr ungdom. Arr: *Tidløs i samarbeid med Kyrkja i Bykle*

Konsert med Haderslev Drengkor

Laurdag 7. april kl. 19.30 i Valle kyrkje.

Gutane frå domkyrkja i Haderslev kjem att til Setesdal

med dei flinkaste songarane og dirigenten, domorganist Henrik

Skærbæk Jespersen. Korsong og orgelmusikk i ulike sjanger. Fri

entré. Kollekt.

Arr: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



Informasjon frå Byklaren

Frå og med mai utgåva skal *Byklaren* distribu-erast slik at den er i postkassa seinast den 5. kvar månad. Dette inneberer og endring av fristen for innsending av stoff. April utgåva får som tidligare annonsert frist den 3. april, mens mai utgåva får frist den 15. april.



Byklaren kjem ut som fylgjar i 2018:

April (frist 03.04), **mai** (frist 15.04), **juni** (frist 15.05),

juli/auugust (frist 15.06), **september** (frist 15.08),

oktober (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember**

(frist 15.11)

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i kommunen vår kan få ei redaksjonell omtale.

OBS: ny e-post adresse for innsending av stoff.

Send tekst og bilde til: byklaren@bykle.kommune.no

Opningstider i påska - Bykle rådhus

Måndag 26. mars kl. 10:00 - 14:00

Tysdag 27. mars kl. 10:00 - 14:00

Onsdag 27. mars: Stengt

Telefonnummer til sentralbordet: 37 93 85 00



Opningstider ved legekantora

Til og med veke 11 er Bykle legekantor ope kvar torsdag og Hovden legekantor kvar dag utanom torsdag.

Frå og med veke 12 er Bykle legekantor stengt grunna ombyggjing og Hovden legekantor har ope kvar dag.

I påska er det vanlege opningstider på kvardagane unnateke onsdag 12. april då legekantoret stengar kl. 12.00.

Alle som bruker legekantora i kommunen, må ha fastlege der.

Bytt fastlege på nett eller fastlegetelefonen: 800 43 573

Legevakt: 116117

Akutte tilfeller: 113

Sommarjobb for skuleungdom/studentar busett i Bykle kommune

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda:

- * Teknisk drift og eigedom (grøntanlegg, vedlikehaldsoppgåver inne / ute, reinhald).
- * SFO Bykle og Hovden (helst med sertifikat).
- * Barnehage, Bykle og Hovden
- * Informasjonen rådhuset

Skuleelevar/studentar med fast bustadsadresse i Bykle kommune vert tekne inn etter særskilde vilkår. Skuleelevar kan søkje **frå dei er ferdige med 10. trinn**. Elevar/studentar blir tekne inn etter alder. **Søklarane må skrive i søknaden kva for skule/studiestad dei har gått på siste halvår og spesifisere når tid dei ønskjer å arbeide og prioritert arbeidsområde.**

Det er ønskjeleg at arbeidsperioden er samanhengande. Løn etter tariff.

Nærare opplysningar kan du få ved å vende deg til personalsjef Liv Hilde Holm, telefon 37938609/90610215.

Vårt elektroniske søknadsskjema finn du under ledige stillingar på www.bykle.kommune.no Søknadsfrist: 23. mars 2018.

Kulturkafé

Om folk, fjell og identitet

Kulturkafé i **Bykle samfunnshus torsdag 22. mars kl. 18.00.**

Fjellgardane kvinneforening serverar lappesteik.

Ragnhild Bjåen: Gamle spor etter folk og kulturminne i Bykleheiane, natur, historie og identitet.

Intervju med Torbjørg Berdalen: Minner om samiske gjetarar.

Kjell Bitustøyl: Om likskap mellom fjellfolk og samisk kultur, litt om skihistorie og litt om gjetarhundar!

Arrangør: Kultur & fritid

Ledige kommunale bustader



Ungdomsbustader

Bykle kommune har to nyoppførte ungdomsbustader i Tussefjodd bustadfelt i Bykle for utleige.

Tildeling skjer utifrå godkjente tildelingsreglar. Søklarane må vere mellom 18 og 25 år. For meir informasjon kontakt:

Helene Nilsen på helene.nilsen@bykle.kommune.no

eller på telefon 37 93 85 20

Søknad sendast til: Bykle kommune, rådmannen, 4754 Bykle

eller til postmottak@bykle.kommune.no

Søknadsfrist er 16.03.2018.

Tilrettelagde bustader

Bykle kommune har to tilrettelagde bustader i Bykle for utleige. Tildeling skjer utifrå godkjente tildelingsreglar. For meir informasjon kan ein vende seg til kommunen på

tlf. 37 93 86 50 eller til vidar.johnsen@bykle.kommune.no

Søknad sendast til: Pleie- og hjelpetenesta, Øvre Sarv 1, 4754

Bykle eller til postmottak@bykle.kommune.no

Søknadsfrist er 16.03.2018.

Rådmannen



Bykle kommune

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 21.03. kl. 18:00

Formannskapet: 15.03. kl. 18:00

Kommunestyret: 22.03. kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Tømekalender

Rest- og matavfall: 14. mars

Matavfall, glas/metall, papir og plast: 28. mars

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun

Ring 37885588 for timeavtale.

27.03.2018 kl.19:00:

Ingebjørg Bratland m/band

Ingebjørg Bratland er tilbake på Hovden Grendehus etter utseld kinosal påska 2016. Denne gonga byggjer me scene og plasserer ut 400 stolar i gymsalen og vonar på full sal. Ingebjørg har med seg eit dyktig band og både gamle og nye songar. Albumet «Hjarteskjell» kom i fjor haust til gode kritikkar. Billetter til 450 kr + avg kan du kjøpe på www.ebillett.no og på grendehuset.

Arrangør: Kultur & fritid



Årsmøte - Hovden Pistolklubb:

Torsdag 8. mars kl. 18.00 på banen på Bykle skule.

Vanlege årsmøtesaker.

Innspeil kan sendast til : nomimpor@online.no

Ånund Nomeland, leiar

Informasjon frå ungdomsarbeidar

Jr-Shadow (10-13 år):

14. mars 1800-2030 på Hovden.

21. mars 1800-2030 i Bykle (På Hovden om ikke klubblokalet er ferdig oppussa, sjekk FB).

Shadow (13-18 år):

16. mars 1900-2200 på Hovden.

23. mars 1900-2200 i Bykle (På Hovden om ikke klubblokalet er ferdig oppussa, sjekk FB).

Dansing (Hip-hop/Jazz):

Onsdagar kl. 1730-1900 på Grendehuset på Hovden. For 4-7 klasse. Filippa Hertzberg er danseinstruktør (Ikkje i påskeferien). Ta kontakt med ungdomsarbeidar Harald von Krogh Alfstad om du lurar på noe. Tlf 917 18 300

Out of space:

Sannes og Ødegaards astroshow

Opplev siste utforskning av Pluto og andre mystiske objekt ytterst i Solsystemet, dei mest interessante exoplanetane som er funne, svarte hol, gammaglimt, kolonisering av Solsystemet, romheisar og ikkje minst solsystemet og galaksen si dramatiske framtid.

Anne Mette Sannes og Knut Jørgen Røed Ødegaard sitt «Out of Space» er eit multimedieshow med spektakulære bilete, filmar, animasjonar og musikkvideoar. I samband med showet får publikum også halde ekte steinar frå verdsromet! Hovden Grendehus **torsdag 15. mars kl. 19:00.** Billetter 200 kr for vaksne og 100 kr for barn/ungdom på www.ebillett.no og Grendehuset.

Arrangør: Kultur & fritid



Plass i barnehagen?

Barnehagane i Bykle har løpande opptak gjennom heile året, utanom juli - medio august Vi ønskjer likevel tilbagemelding innan 31. mars på om de treng plass i l øpet av neste barnehageår. Dette for å leggje tilrette for eit best mogleg tilbod . Båe barnehagane gir eit heildagstilbod på inntil 8,5 timar per dag (42,5 timar i veka). Alternative plasstorleikar er 3 dagar (60%), 4 dagar (80%) og 5 dagar (100%).



Elektronisk søknadsskjema ligg på Bykle kommune si heimeside; www.bykle.kommune.no

For meir informasjon kontakt:

Kristin Hoslemo på kristin.hoslemo@bykle.kommune.no


eller på telefon 488 96 535

Kurs i Mestring av Belastning (KiB).

Kurset går over 10 samlingar på onsdagar kl. **12.30-15.00** på Bykle hotell. Oppstart **04.04.18.** Det er en kursavgift på kr 400,- som betalast på første samling. Meir informasjon eller nettpåmelding finn du på Bykle kommune si heimeside:

www.bykle.kommune.no

Eller du kan ta kontakt med: Silje Nesvaag mob: 902 69 734



Informasjon om aktivitetar kring ungdomsarbeidet leggjast ut på Facebooksiden «Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden».

Foresatte vil motta SMS om ulike aktivitetar.

BJFF - årsmøte

Årsmøte i Bykle Jeger og Fiskeforening hjå Stomp og Vatn på Hovden **15. mars kl. 19.00.**

Alle medlemmer er velkomne.

Flotte trekkepremier til alle som møter opp!



Årsmøte Bykle og Hovden teaterlag

Hovden grendehus onsdag **14. mars kl. 19.00.**

Vanlege årsmøtesaker. Velkomen!

Årsmøte i Setesdal spelemannslag

28. mars, kl. 18.00 på Sølvgården. Saker må sendast styret innan 14. mars til astrirysstad@gmail.com

Etter årsmøte, om lag kl. 2100, blir det Folkemusikkpub med underhaldning av Kari Røynlid frå Åseral.



Årsmøte - Bykle idrettslag

Tysdag 20. mars 2018 kl.18.00 på Bykle samfunnshus.

Saker medlemmene ønskjer handsama på årsmøtet må sendast styret innan 6. mars

2018 til leiar Olav Mandt på epost olav.mandt@istorm.no eller postadresse Sarvskroken 4, 4754

BYKLE. Komplette sakliste med saksdokument blir å finne

seinst ei veke før årsmøtet på idrettslaget si heimeside:

www.bykleil.no

Servering av pølser, brus, kaker og kaffi.



Med helsing

Bykle Idrettslag v/Styret

Kurs for næringslivet

Jusskurs

Jusskurs for gründere - en oversikt over de spillereglene som gjelder for etablering og drift av næringsvirksomhet.

13. og 15. mars kl. 18-21 på Sølvgården Hotell, Rysstad.

Smart Start - gratis introduksjonskurs

Kurs er for deg som ønsker å starte egen virksomhet. Her får du generell informasjon som du som etablerer har behov for.

21. mars kl. 17-21 i Bygland kommunehus, Bygland.

Kurs i web og sosiale medier som markeds kanal

Kurset gir en orientering om muligheter for bruk av web og sosiale medier til salg og markedsføring av produkter og tjenester.

6. april kl. 18-21 og 7. april kl. 09-15 på Bykle Hotell, Bykle.

For informasjon og påmelding:

<https://www.austagderfk.no/tjenester/naringsutvikling/grunderkurs/>



AUST-AGDER
FYLKESKOMMUNE

Årsmøte - Rekordfestivalen

Rekordfestivalen holder årsmøte onsdag **14. mars kl. 20.00** på Hovdetun. Enkel servering. For å kunne stemme må en være medlem i Rekordfestivalen (kr. 20). Vi sees!



Opprett digital postkasse!

Mange innbyggjarar i Bykle kommune har enda ikkje teke i bruk digital postkasse. No startar kommunen ein kampanje for å få fleire til å ta imot digital post frå kommunen.

Slik skaffar du deg digital postkasse: Gå inn på norge.no

⇒ Vel «Digital postkasse»

⇒ Finn fram den elektroniske ID-en din (e-ID), for eksempel din BankID

⇒ Vel enten Digipost eller e-Boks

Følg instruksjonane for å opprette postkasse.



Interkommunal ruskoordinator

Er du pårørende til noen som sliter med rus eller avhengighet? Du er velkommen til å ta kontakt med ruskoordinator enten du lurar på noe konkret, ønsker å diskutere situasjonen eller bare å få ut din frustrasjon. Ofte er det til stor hjelp bare det å ha noen å snakke med eller få undervisning om situasjonen.

Merete Almås, interkommunal ruskoordinator

M 957 95 194 E merete.almas@e-h.kommune.no

LMT SETESDAL

LOKALMEDISINSKE TJENESTER

Påskebasar - Oveinang grendelag

Grendehuset på Flateland **tysdag 27.mars frå kl 10.**

Hovudpremie rosemåla skåp. Mange fine gevinstar.

Trekking kl. 18. Årsal heile dagen. Sal av suppe,

potetkaker, vaflar, mv. Alle er hjarteleg velkomne!

Arrangør: Oveinang grendelag

